



Sæbø skule,  
Søre Austmarka 4,  
5938 Sæbøvågen.  
Tlf. 56 34 98 00  
e-post: post.sabo.skule@radoy.kommune.no

## Info til heimane

Leiar av FAU, leiar av SU/SMU og rektor ønskjer å informera føresette på same måte som vi gjorde i mars. To månader er gått, og det er tid for oppdatert informasjon. Ein tek her med det som er nytt sidan, og supplerande opplysningar.

### Tiltak:

- Kva har vi gjort?
  - Tilsynet frå Fylkesmannen er gjennomført. Førebels rapport er motteken.
  - Konsulent har vurdert klassemiljøet i nokre klassar. Arbeidet er avslutta og rapport er levert. Denne vert nytta i dei aktuelle klassane.
  - Skulen kjøpte inn boka «Stopp mobbingen» av Erlend Moen, og «Mobbingens psykologi» av Erling Roland til alle lærarane i haust. Dette for å auka kompetansen innanfor temaet. Denne kompetansen har gitt auka innsikt og forståing, og ikkje minst betre «briller» til observasjon.
  - Tileigna kunnskap er nytta i observasjon og tiltak i samband med dette temaet.
- Kva er vi i gang med.
  - Arbeid med ny plan for sosial kompetanse på alle klassesteg. Ferdigstilt frå skulen innan 3.juni.
  - Oppdatering av «Handlingsplan mot mobbing og antisosial åtferd». . Ferdigstilt frå skulen innan 3.juni.
  - Oppdatert internkontroll på kapittel 9a i opplæringslova. Ferdigstilt frå skulen innan 3.juni.
- Ferdigstilling og implementering av det vi er i gang med.
  - Dei tre punkta over vert handsama som sak i SU/SMU 13.juni.
  - Gjennomgang i personalet på planleggingsdag før skulestart .
  - Planane skal setjast i verk frå skulestart august 2016.
  - Informasjon til foreldre ved skulestart og på første foreldremøte.

- Siste nytt
  - Førrebels tilsynsrapport er motteken. Endeleg rapport frå Fylkesmannen vil koma medio juni.
  - Statped-samarbeidet «Tett på» er i startfasen. Fokus i samarbeidet er utvikling av læringsmiljøet og tilpassa opplæring. Godt læringsmiljø har god samanheng med både klassemiljø og skulemiljø. Arbeidsgruppe samansett av teamleiarar, spespedkoordinator, rektor, SFO-leiar, PPT og Statped, er oppretta.
    - Arbeidsgruppa har hatt eitt møte.
    - Arbeidsgruppa hadde møte med FAU tysdag 24.mai, sjå eige referat.
    - Møte mellom Statped og heile personalet 6.juni.
    - Heil planleggingsdag 16.august. Faste møte kvar månad neste skuleår.
    - Foreldre skal merka endringar frå første skuledag hausten 2016. Små steg i rett retning.
  - Omorganisering i administrasjonen. Utvikling og omstilling kan vera krevjande. Skulen gjer endringar i administrasjonen, slik at vi saman med rektor får to avdelingsleiarar i staden for inspektør. Marit Hornnes vert avdelingsleiar for 5.-7. Avdelingsleiarstillinga 1.-4. er lyst ut internt for snarleg tilsetting. Skulen får på denne måten auka ressursar og fokus på utviklingsarbeid.
  - Foreldremøte til hausten. Skulen har dei seinaste åra hatt tradisjon for å gjennomføra både foreldrerådsmøte og klasseforeldremøte same kvelden. Vi har fått tilbakemeldingar på at foreldre meiner dette vert for travelt, og at det ikkje vert tid til å ta opp det ein ønskjer. 7.september vert det foreldrerådsmøte for alle foreldre på heile skulen. Der vil det mellom anna bli informert om «Tett på». Det vert lagt opp til møte mellom kontaktlærar og klassekontaktar i kvar klasse i etterkant av dette møtet. Dei legg saman plan for heim-skulesamarbeidet dette skuleåret. Alle klassar skal ha foreldremøte i løpet av september.

Sæbø skule 30.mai 2016

Arve Hagesæter  
leiar SU/SMU

Grethe Jørgensen  
leiar FAU

Rolf Sandstad  
rektor